

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE-141	19/773

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
55/2019	Kommunestyret	PS	16.10.2019

Temavis rullering av kommuneplanen sin arealdel

Vedlegg:

Føresegn kommuneplanen sin arealdel Meland 10.09.19

Arealplankart_temarevisjon_meland_11.09.19

Merknader høyring temarevisjon kommuneplanens areadel 12.09.19

Temakart temarevisjon av kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune

Konsekvensutgreiingar for rullering kommuneplanens arealdel på tema

Presentasjon 19092018 Akvakulturanalysen

Analyse akvakultur på land

Førebels attendemelding etter møte - Meland - kommuneplan - arealdel

Samordna uttale KPA Meland

Planskildring kommuneplanen sin arealdel 09.10.19

10204317-PLAN-NOT-002_Vurdering sumverknader havbruk

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Formannskapet varsla oppstart av arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel jmf. Plan og bygningslova. § 11-12, i tråd med vedteke planstrategi. Framlegg til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel på deltema, har vore på offentleg ettersyn og høyring med frist 14.11. 2017. Planprogrammet er vedteke i kommunestyre 14.02.18.

Kommuneplanen sin arealdel på tema har vore på høyring og offentleg ettersyn i perioden 30.04. til 04.07.19.

Om planen

Kommuneplanen sin arealdel består av planomtale, plankart og føresegner knytt til plankartet. Plankart og føresegner er juridisk bindande.

Det skjer ei rask utvikling i vekstkommunen Meland, som også påverkar arealbruken. I tråd med kommunen sitt mål om å vere ein føregangskommune innan næringsutvikling og attraktivitet, er det tema som treng ny vurdering i høve til arealbruk.

Tema som i planprogrammet er til revisjon:

- *Areal for havbruksnæring på land og vann, samt areal for djupvasskai*
- *Reiselivsrelatert næringsutvikling til dømes Meland golf*
- *Sambandet Vest AS sitt val av vegløyningar over Meland*
- *Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser*
- *Areal for gjenbruksmassar(diverse typar jord og stein) i kommunen*
- *Vurdere område for ny barneskule i området Frekhaug – Dalstø*

Føresegner

Det er ikkje ein eigen temarevisjon på føresegner i denne rulleringa. Det er først og fremst nye føresegner knytt til infrastruktur, areal for gjenbruksmasser og nye tiltak knytt til reiselivsrelatert næring som er lagt inn i føresegnsdokumentet.

Endringar i føresegnene som var sendt på høyring er merka med gult i dokumentet. Etter høyringa og vedlagt dokument er nye endringar i føresegner merka med lilla.

Planskildring

Planskildring skal fortelje om planen sitt føremål, innhald og verknader, og kva for rammer og retningslinjer som gjeld for dei ulike delområda og utbyggingane. Den beskriv korleis bestillinga i planprogrammet er følgt opp gjennom innhenting/utarbeiding av kunnskapsgrunnlag og faglige vurderingar. Planskildringa inneheld ein omtale av kva konsekvensar planen sitt hovudgrep vil kunne ha for miljø og samfunnsutvikling. Det er gjennomført ein risiko og sårbarhetsanalyse (ROS)for areal som er teke inn i planen. Det er gjort oppdateringar på Ros- analysen etter høyring og offentleg ettersyn. Ros - analysen er ein del av planskildringa.

Planskildringa ligg ved saka.

Konsekvensutgreiing (KU)

Alle innspel til planen er konsekvensutgreidd.

Etter at planen har vore på høyring og offentleg ettersyn er det gjort oppdateringar på tema knytt til havbruk i konsekvensutgreiinga.

Oppdatert konsekvensutgreiinga ligg som eit vedlegg til saka.

Vurdering

Planprogrammet har opna for revisjon på fleire tema, nokre av desse er handtert i andre planar og prosessar, det gjeld:

Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland

Vegsambandet Sambandet Vest AS skal binde saman Sotra- Øygarden – Askøy - Nordhordland for å leggje til rette for næringsutvikling, samt styrke transportberedskapen på det regionale hovudvegnettet. Slik vil vi skape attraktive bu og næringsområder med kort avstand til regionsenter. Det er vedteke å utarbeide ein kommunedelplan for tema. Dette er eit interkommunalt samarbeid der Statens vegvesen og dei kommunane som er ein del av planområdet samarbeider om planen. Planprogrammet for kommunedelplanen er på høyring.

Vurdere område for ny barneskule i området Frekhaug – Dalstø

Meland kommune har gjennomført ei alternativsvurdering for plassering av barneskule i Dalstø – Frekhaugområdet. Her har rådmannen vurdert område for plassering av barneskule for ca. 400 elvar. Vi har vurdert området med omsyn til sol, topografi, trafikk, fleksibel bruk, naturkvaliteter og støy. Areal for plassering av barneskule er teke inn som ein del av det pågåande arbeidet med områderegulering planid. 1256 i B8 og B9 Mjåtveitstø – Dalstø.

Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplasser

Dette tema har blitt handtert undervegs i prosessen i arbeidet med planen. Rådmannen arbeider med å få lagt tiltrette for areal til parkering i samarbeid med vedlikehald av kommunale veger. Tema har og vore vurdert i arbeidet med reguleringsplaner i perioden.

Tema som er med i planen då den var sendt på høyring og offentleg ettersyn:

Havbruksrelatert næring samt djupvasskai

Det er eit nasjonalt mål å ha fokus på akvakulturnæringa sitt potensiale. Næringa er i stadig vekst, og det er viktig å kartlegge moglegheiter og avgrensingar framover. I planframlegget som har vore på høyring og offentleg ettersyn har vi utvida eit akvakulturområde, delt eit større fleirbruksområde opp i to mindre. Det er lagt inn eit nytt akvakulturområde og to nye område tenkt til tarebruk.

Det er gjort vurderingar av mogleg plassering av kai og havbruksnæring på land i heile kommunen. Konklusjonen var at området på Landsvik er godt eigna både for djupvasskai og landbasert anlegg i tilknytning til dette. Bakgrunnen for dette er mellom anna djupnetilhøva, relativt gode vindtilhøve, og ei plassering som ikkje krev at større båtar må lengre inn i fjorden. Ved realisering av bru mot Radøy, vil det vere ein fordel med ein kai som ligg utanfor denne i fjorden. Området på Landsvik N 11 er teke inn i planen som har vore til høyring og offentleg ettersyn. Det er i dag knytt utfordringar til vegtilkomst til området.

Reiselivsrealtert næringsutvikling

Meland kommune ligg nært Bergen og har attraktive område å tilby tilreisande, som opplevingar i

Rylandsvassdraget og reiselivsrelatert bruk av kulturlandskap. Det er gjort vurderingar på tema i planarbeidet. I planen er det lagt ut 2 nye område for reiseliv som LNF-spreidd næring. Det er lagt ut eit område N 10 Tveit som næring, med føresegner knytt til reiseliv-/kursverksemd.

Reiselivsrelatert næringsutvikling Meland golf

Meland golf har eit stort potensiale til å bli ein attraktiv reiselivsdestinasjon. Meland golf har omfattande utviklingsplaner som kan vere med å skape arbeidsplasser og vidareutvikle merkevara Meland golf og naturpark. Det har vore krevjande å planlegge området i ein overordna plan som KPA. Eigartilhøve har vore uavklarte, eit slikt planarbeid bør gjerast i tett dialog med Meland golf og naturpark, og statlege og regionale mynde. Rådmann tilrår at dette areal vert planlagt i ein eigen prosess med områderegulering. I dette planframlegget vert det lagt inn ei omsynssone for felles planlegging (H810_7). Meland golf og naturpark. Målet for planarbeidet er å utvikle Meland golf og naturpark til eit golfresort med hotell, kulturminnepark, bustader, strandpromenade.

Kartlegge eigna areal for gjenbruksmasser (div. typer jord og stein)

Rådmann har i rulleringa gjort vurderingar på temaet handtering av gjenbruksmassar. Dette er relevant i ein utbyggingskommune som Meland. Det er viktig å tenke massehandtering i overordna planarbeid for og vere i forkant av problemstillingane. Omfang og kompleksitet avgjer kva som er søknadspliktig, og i så fall kva lovverk og eventuelt kva planverktøy saka skal handsamast etter. I saker med høg grad av kompleksitet vil reguleringsplan kunne gje svar. Det er i planen lagt inn ti områder for spreidd næringsområder (SN) for gjenbruksmassar. Det vart lagt inn to områder som Bygg og anlegg B4. og B5. til gjenbruksmassar. Områda for bygg og anlegg får reguleringsplankrav.

Prosess etter høyring og offentleg ettersyn

Medverknad

Kommuneplanen har vore på ordinær høyring og offentleg ettersyn med frist 30.06 - 13.06.19 Formannskapet vedtok å utvide fristen til 04.07.19.

Planen har vært kunngjort i avisa, kommunen sine heimesider og på kommunen si facebookside.

Det har vore arrangert folkemøte på rådhuset på Frekhaug 21.05.19. Den 27.06.19 hadde vi open kontordag på rådhuset, med tema areal for havbruk i kommuneplanen sin arealdel.

Dialog med regionale og statlege mynde

Regjeringa har styrkt Regionalt planforum ved å gjere det obligatorisk. Forumet er ein viktig arena for å samordne interesser i regionale og kommunale planar. Kommunen hadde møte den 28.05.19 i regionalt planforum. Her presenterte ordførar planframlegget og vi drøfta sentrale problemstillingar. Det var særleg fokus på infrastruktur og havbruksrelatert næring i planframlegget.

Dialog med fylkesmannen i Vestland

Regjeringa har gitt fylkesmannen ansvar for å samordne og eventuelt avskjere statlege motsegner til kommunale planar. Samordninga skal gje betre planar gjennom god dialog mellom statlege etatar, medverke til ferre motsegn og medverke til at dei blir løyste tidleg i prosessane. I møte regionalt planforum var deltakarane samde om at kommunen skulle ha eit eige møte med Fylkesmannen i Vestland for å drøfte havbruk i planen. Vi hadde dialogmøte med Fylkesmannen i Vestland 17.06.19.

Referat frå møte datert 19.06.19 har vore førande for endringar og rettinger i planarbeidet etter høyring. Etter dialogmøte har det vore e-post og telefon dialog med planavdelinga hos Fylkesmannen i Vestland om kva kommunen bør endre i planen.

I tråd med rutinane for samordningsforsøket har Meland kommune ved ordførar ønska eit nytt dialogmøte om planen. Møte var den 27. 09.19. I dette møte varsla Fylkesmannen motsegn på alt areal som var lagt ut som havbruk i planen.

Det på tross av at kommunen hadde etter sitt syn levert oppdatert konsekvensutgreiing etter det første dialogmøte og tatt ut eit større nytt areal for havbruk i planframlegget som var sendt ut på høyring. Referat frå møte vart registrert hos kommunen 03.10.19 (referat ligg ved saka).

Regjeringa har gitt fylkesmannen ansvar for å samordne og eventuelt avskjere statlege motsegner til kommunale planar. Kommunen måtte difor ha den formelle uttalen frå fylkesmannen før kommunestyre kan vedta planen. Meland kommune har i all dialog vore tydelege på at det er viktig for kommunen å få politisk behandla denne planen i denne perioden. Vi skal bli Alver kommune i 2020. Då vil kommuneplanen for dei tre Alverkommunane gjelde som kommunedelplaner i Alver.

I saksutgreiinga under *merknader frå regionale og statlege mynde* er det oppsummert kva Fylkesmannen hadde merknader til, og kva kommunen har endra/ retta opp.

Oppsummert merknader til planen

Alle innspel, kommentarer og merknader er oppsummert, og ligg som eit eige vedlegg til saka.

Merknader frå regionale og statlege mynde

Hordaland fylkeskommune 20.06.2019.

Det er kome merknader til planframlegget for Hordaland fylkeskommune, under er vedtaket frå møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling:

«-Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at forslaget til revidert arealdel av kommuneplanen for Meland kommune er grundig utgreidd og i hovudsak i tråd med regionale interesser. Kommunen har gjort eit godt nybrottsarbeid i høve arbeid med plassering av overskotsmassar.

-Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur er godt ivaretatt i planframlegget frå Meland kommune.

-Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil sterkt rå til at føresegnene for det landbaserte akvakulturanlegget på Landsvik blir endra slik at det kjem tydeleg fram at dei ikkje kan utbyggast før Samband Vest er realisert.

-Utval for kultur, idrett og regional utvikling vil rå til at den delen av H410_1 Næringsområde Landsvik som er sør for fylkesveg 249 blir tatt ut av planen grunna regionale landskaps- og friluftsiinteresser.

-Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at det er viktig å sikre god senterutvikling i fylket. Føresegner og retningslinjer for arealbruk til handel i regional plan (4.1 og 4.2) må innarbeidast i

føresegner og retningslinjer til arealdelen av kommuneplanen.»

Det er knytt motsegn til dette kravet.

-Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege kulturminnefaglege merknader som me ber kommunen ta omsyn til i sitt endelege plandokument. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner temarevisjon av KPA for Meland er i konflikt med nasjonale kulturminneinteresse. Følgjande må innarbeidast under føresegn § 4.4.2:

«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»

Det er knytt motsegn til dette kravet.

Rådmannen si vurdering

Meland kommune har endra føresegnene slik at varsel om motsegn fell bort.

Vi har lagt inn føresegner og retningslinjer for arealbruk til handel. Vi har lagt inn føresegn til at den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne.

Dei andre merknadane og kommentarane er teke til orientering.

· **Bergen sjøfarts-museum, 11. 06.2019**

Deira ansvarsområde, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vatn og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen. Dei skriv at «Planrevisjonen vil ikkje råke nokre kjende marine kulturminne. Potensialet for å gjere funn av marine kulturminne må allikevel vurderast i kvar enkel sak når desse kjem på høyring».

Rådmann si vurdering

Teke til orientering

· **Mattilsynet, 18. 06. 2019.**

Har ikkje merknader til planframlegget.

· **Direktoratet for mineralforvaltning, 12. 06.2019.**

DMF viser til Rundskriv «Ikraftttredelse av endringer i plan- og bygningsloven og matrikkelova» datert 30. juni 2017, skildrar ny omsynssone for mineralressursar (§ 11-8): Endringen åpner for at kommunene gjennom sin planlegging kan synleggjøre mineralressurser som kan være aktuelle for fremtidig utvinning, og gi retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta denne interessen. (Utdrag)

DMF ser positivt på at revisjonen av arealplanen tek føre seg areal for gjenbruksmassar. DMF meiner at dette òg bør omhandle eventuelle overskotsmassar frå masseuttak. Det er berekraftig forvaltning av mineralressursar å bruke uttekne masser til egna føremål innan bygg og anlegg, framfor å deponere kvalitetsmassar permanent eller i sjø.

Rådmann si vurdering

Teke til orientering.

- **Norges vassdrags og energi direktorat, 13. 06.2019.**

Har ikkje merknader til planframlegget

- **Statens vegvesen (SVV)**

Statens vegvesen skriv i merknaden at dei ber kommunen endra føresegnene på områda under, utan vil det verte fremja motsegn til planen.

- N 11. Landsvik- Næringsområde. SVV peiker på at kommunen må utdjupe føresegna, slik at det kjem fram at «Nytt hovudvegsamband frå riksvegnettet til Landsvik må vere ferdigstilt før utbygging av N_11 Landsvik. Lokal tilkomst til næringsområdet må vere regulert og bygd i samsvar med krav i handbok N100 Veg- og gateutforming»

- Omsynssone H 810. Meland golf og naturpark. Det må inn i føresegn at det er krav om at FV. 564 Rosslandsvegen skal vere bygd om i ny trase forbi Fløksand/Leiro før vidareutvikling av Meland golf kan tillatast-

-Dale BE.4. Massehandtering. Det må knytast føresegn til at det er krav om infrastruktur 1.5.2. Ny Føresegn 1.2 Statens vegvesen vil krevje at tilkomst til området skal inngå i reguleringsplanen.

Naust og speidd bustadhus. I kommuneplanens arealdel vedtatt i 2015 er det i føresegna §§ 2.1.5 og 3.2.3 talfesta kor mange naust og spreidde bustadhus som er tillate innanfor ulike område. I åra som er gått er nokre av nausta og bustadhusa bygd. Statens vegvesen ber kommunen justere føresegnene slik at ein refererer til eit 0-nivå i 2015.

Rådmannen si vurdering

Rådmannen har teke dette til etterretning og endra føresegnene slik Statens vegvesen (SVV) tilrår. Dei nye føresegnene er merka med lilla i vedlagt føresegndokument.

- **Forsvarsbygg, 07. 05.2019**

Forsvarsbygg uttaler seg, og har innsigelse til planer etter plan- og bygningsloven for å avverje at vitale militære interesser vert forringa ved nye planvedtak. Dei skriv at Forsvarets forbudsområde i sjø er ikkje tilstrekkelig ivareteke i planforslaget. Det militære forbudsområdet i Hjeltefjorden har av ny forskrift fått ei større utstrekning i austlig og vestlig retning i fjordbassenget. Forsvaret varslar motsegn til planen, dersom kommunen ikkje endrar forsvaret si forbudssone i tråd med tilrådingane frå forsvaret.

Rådmann si vurdering

Meland kommune har oppdatert areal for forbodsona i plankartet i dialog med Forsvarsbygg.

- **Kystverket, 28. 05.2019**

Kystverket har merknad til at overflateareal til akvakulturanlegg, ikkje må kome i konflikt med farlei (hovud- og bilde), spesielt ikkje inn i kvit sektor. Fortøyningar kan komme inn i farledsareal, men må ha ein dybde på min. 20 meter når fortøyningar går inn i areal avsett til farleden. Dette må inn i føresegnene.

Rådmann si vurdering

Kommunen har teke dette til etterretning, og endra føresegnene i tråd med merknad.

- **Fiskeridirektoratet, 20.06.2019**

Fiskeridirektoratet region Vest ser ikkje at akvakulturområda som er teke med i planen vil medføre vesentlig auka risiko for bevaring av gyteområde og andre kjente marine ressursområde. Vi ser heller ikkje at konfliktpotensial med fiskeriinteresser vil auke vesentlig som følgje av planforslaget. Fortøyningssystem må haldast utanfor registrerte fiskeområde og dette gjeld særskild områda som er registrert som trålfelt. Fiskeridirektoratet rår generelt i frå og krevje reguleringsplan for akvakultur.

Rådmann si vurdering

Teke til orientering, føresegnene opnar for at kommunen kan velje om dei vil krevje reguleringsplan.

- **Fylkesmannen i Vestland**

Oppsummert var det særleg havbruk og areal som var lagt inn som havbruksområder i planen Fylkesmannen var kritisk til. Areal for akvakultur i kommuneplaner kan vere konfliktylft og fylkesmannen i Vestland har vore restriktive til at det vert lagt inn nye områder i dei fleste kommunar i Hordaland. Kommunen har signalisert at Meland er i ei særstilling. Det er behov for å finne eit nytt areal for akvakultur, då det er krevande å drive ekisterande akvakulturanlegg innanfor forsvarrets si forbodssone. Fylkesmannen har signalisert at dei meiner kommunen bør vente med å flytte/vurdere areal for akvakultur. Dei peiker på at kommunane må få sett akvakultur i Nordhordland under eit i ein felles analyse.

Under er det oppsummert kommentarer frå Fylkesmannen og endringar Meland kommune har gjort i planen.

ROS – analyse

«Det generelle inntrykket av ROS-analysen er at den på fleire område er tynn. Vi saknar både meir detaljert skildring av aktuelle risiko- og sårbarheitstilhøve så vel som ei betre grunngjeving for dei val som er gjort med omsyn til kva tilhøve ein har tatt med i ROS-analysen. Vi viser i så måte m.a. til KMD-rundskriv H-5/18 samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling med omsyn til krav og forventningar til samfunnstryggleik i planlegging og byggesakshandsaming. Vidare vil vi òg vise til DSB Veileder Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging. Planseksjonen meiner kommunen

må jobbe meir med ROS-analysen.»

Rådmann sin kommentar

Kommunen har oppdatert ROS-analysen. Fylkesmannen vurderer nå ROS-analysen som god nok.

Føresegner til KPA

Etter at planen har vore på høyring har vi etter signal og varsel om motsegn endra ein del på føresegner. Det er mindre justeringar og feil som er retta opp, det er og nokre større endringar. Endringar som vesentlig vil endre verkandane av planen er og teke med i saksutgreiinga. Alle endringane i føresegnene er gula ut i det vedlagte dokumentet. Dei nye endringane etter høyring er markert i lilla.

Omsynsone gjeldane reguleringsplanar (H 910)

Det er kome ei lovendring på omsynssone H910 omsynssone for gjeldene reguleringsplanar. Denne sona slik ho ligg i dagens plan, krev at reguleringsplanen blir ført vidare uendra, utan noko som helst endring. Den kan ikkje kombinerast med at deler av ny kommuneplan skal gjelde saman med reguleringsplanen. Dette skal rådmann justere teknisk i kartet etter politisk behandling. Det har blitt knyta føresegn til dei reguleringsplanane det gjeld. Endringa er omtalt i planomtalen.

«Omsynssone felles planlegging (H810 7)

Det er ikkje tekst i føresegnene i til omsynssone knytt til felles planlegging H810_Meland golf og naturpark.

Rådmannen si vurdering

Kommunen har retta det opp og fylgjande tekst er langt inn som føresegn til denne sona «Det føreligg ein godkjent reguleringsplan (27.05.1998) for Leirvik gard gnr. 4 bnr.1. I gjeldanereguleringsplan er det mellomanna planlagt hotell, gjestehamn og park. Meland golf og naturpark er eit svært eigna område for vidareutvikling som reisemål. Målet er å utvikle Meland golf og naturpark til ein golfresort med hotell, kulturminnepark, bustader, strandpromenade».

Merknader knytt til føresegner til akvakultur

Fylkesmannen viser til at vi må presisere føresegnene i punkt 3.3.6 FEAK 1 og 2 opnar for tareproduksjon. Kommunen må legge til nytt punkt, «3.3.3. 2 Kommunen kan krevje reguleringsplan i FEFIKFR 1 og 2. punkt.»

Rådmann si vurdering

Rådmannen har teke merknadane til vitande og endra føresegner til planen. Det er tatt inn ei føresegn 3.3.3 punkt 3, der det står at Laksevika ikkje skal nyttast til akvakultur etter at eksisterande anlegg har flytta til ny lokalitet. Det er lagt inn føresegn om at det berre kan opnast for tareproduksjon i områda FEAK 1 og FEAK 2 og at kommunen kan krevje reguleringsplan i områda FEFIKFR 1 og 2.

Merknader knytt til reiselivsrelatert næringsutvikling

SN 24 Fureskjegget LNF- spreidd næring, reiseliv: Fylkesmannen peika ulike problemstillingar knytt til friluftsliv, turveg og strandsoner. Det meste av området er del av eit registrert friluftslivområde (Espetveit-Skarpeneset), tiltaket sin innverknad på desse verdiane er ikkje vurdert. Fylkesmannen meiner at utleigehytter er eit tiltak som ikkje treng å liggje i strandsona. Om det skal vere aktuelt, må strandsoneverdiane konkret vurderast og takast tilstrekkeleg omsyn til.

SN 25 Gripen gard LNF- spreidd Fylkesmannen finn å kunne godta det sørlege område dersom kommunen avgrensar omfanget til 2-3 tretopphyttar i føresegnene. Fylkesmannen er kritisk til å sette det nordlege området som LNF-næring.

Rådmannen si vurdering

Gripen gard. Det er lagt inn nye føresegner som avgrensar storleiken og omfanget på hyttene. Området er flytta bort frå barskogvernområde.

Fureskjegget. Det er lagt inn føresegn knytt opp mot turstier og storleik på hytter. «Stien i området skal bli tatt vare på ref. til føresegner 1.6.0. Generelt; kulepunkt 5.»

Fylkesmannen var oppteken av at tilgjenge til strandsoner vart ivareteke knytt til dette tiltaket. Rådmannen avgrensar såleis handlingsrommet i strandsona under punkt. 1.6.1 i føresegnene. «Det er lov å bygge inntil 4 hytter, 16 kvad. med felles utleige, før det blir plankrav»

Areal for massehåndtering

Fylkesmannen meiner SN 14 ligg for nær Mjåtveitvassdraget. Dette vassdraget har tidlegare hatt elvemuslingar som har døydd ut grunna avrenning frå ulike byggeprosjekt og tiltak. Det pågår no eit arbeid med tilbakeføring av elvemusling til elva. Det er difor svært viktig at det ikkje kjem avrenning til vassdraget. Området bør takast ut av planen. Det er knytt motsegn til dette området.

Rådmannen si vurdering

Rådmann imøtekjem Fylkesmannen og tilrår å ta området ut av planen.

Landsvik N 11

Fylkesmannen skriv at «Planseksjonen ser ikkje at det har kome til ny kunnskap som reduserer dei negative verknadane som var grunnlag for Fylkesmannen si motsegn ved førre rullering. Vi stiller oss såleis kritisk til at området vert forsøkt lagt inn att som næringsareal i denne rulleringa. Dersom det ikkje vert teke ut som følge av dette og den førebelse dialogen, vil Fylkesmannen måtte vurdere å fremje motsegn.»

Rådmann si vurdering

Rådmann tilrår at kommunen tek næringsarealet ut av planen og at området vert liggjande som det gjer i gjeldane plan med ei omsynsone for infrastruktur.

Akvakultur

«Kommunen har utvida eit akvakulturområde, delt eit større fleirbruksområde opp i to mindre, og to nye område tenkt til tarebruk.

I dialogmøte den 17.06.19 peika Fylkesmannen på at konsekvensutgreiinga er god på fleire område, men den er ikkje god nok på vurdering av mogelege verknader for naturmangfald, inklusive samla verknad for heile fjordsystemet. Det manglar tilstrekkeleg opplysning om- og vurderingar av tilstanden for villaks og sjøaurestammene i fjorden og om lakselussituasjonen i fjordsystemet. Vi viser her til naturmangfaldlova §§ 1, 5, 13 (kvalitetsnorma for villaks) og miljørettsprinsippa i §§ 7 og 8-12. Vidare viser vi til Lov om laksefisk og innlandsfisk mv., §§ 1, 2, andre lekken og 7. Fylkesmannen ville ikkje vurdere eventuell motsegn før KU er oppdatert.

Kommunen har etter denne merknaden ved bruk av konsulent med spisskompetanse på natur og havbruk, gjort ei oppdatering av KU og sumverknader på tema akvakultur.

I det utvida dialogmøte den 27.09.19 var akvakultur i planen tema. Fylkesmannen varsla i dette møte motsegn mot all akvakultur i planen, i brev datert 2 oktober står det:

«Det vert fremja motsegn mot alle akvakulturområde i kommuneplanen som ikkje har ei god nok vurdering av samla belastning av fjordsystemet. Fylkesmannen meiner det er store naturmangfaldinteresser i området, som er under stort press. Planen tek ikkje tilstrekkeleg høgde for dette og legg ikkje til grunn statlege rammer, mellom anna kva gjeld tilstanden for anadrome fiskebestandar, jf. lakse- og innlandsfisklova §§ 1, 2 og 7. Fjordane kring Meland er særskilt viktige utvandringsområde for laks frå fleire viktige vassdrag, mellom anna frå Vossavassdraget, og viktige beite og oppvekstområde for sjøaure.» Forsking syner at påverknaden på vill laksefisk frå lakselus i Nordhordland er svært høg. I tillegg er miljøtilstanden i byfjordbassenget, inklusive Herdlefjorden, ut til terskel ved Herdla under sterkt press og i negativ utvikling når det gjeld oksygeninnhald. Verknaden av meir akvakultur i fjordsystemet er ikkje godt nok vurdert i planen. Den beste måten å løyse dette på er å utarbeide ein interkommunal plan for sjøområda, som best tilgjengelege kunnskap og gjeldande statlege miljømål»

Rådmann si vurdering

Prosess

Meland kommune har ei avgrensa rullering på mellom anna tema havbruk. Dersom det blir fremja motsegn på alle akvakulturområde i planen meiner Meland kommune at signal skulle kome på eit tidlegare tidspunkt ref. Statlege planretningsliner. Det har vore ein lang og ressurskrevande prosess for kommunen å rullere på dette tema. Vi hadde planprogrammet til drøfting i regionalt planforum og der fekk vi ikkje klare signal om at vi ikkje burde rullere på dette tema.

Konsekvensutgreiing

Etter det første dialogmøte har kommunen gjort tilleggsutgreiingar knytt til KU mot folkehelse og kva eit akvakulturanlegg vil bety for resipienten i fjordsystemet, etter dei krav som fylkesmannen etterspurte. Dei nye konsekvensutgreiingane på akvakultur ligg som ein del av KU-dokumentet som er vedlegg til saka. Det er kjelder til nasjonale rammer som skal vera føresetnader for planarbeidet og til kjend kunnskap som må nyttast for å stette krava i pbl § 4 (Generelle utredningskrav) og i KU-forskrifta. Under er det oppsummert kva vi har teke omsyn til i denne konsekvensutgreiinga.

Kjelder til kunnskap:

- Lakseregisteret (foreslått av FMVE)
- Nasjonal overvaking av lakselus (foreslått av FMVE)
- Årlege risikovurderingar i regi av HI (foreslått av FMVE)
- MOM-B og MOM-C for anlegg i området
- Vann-nett (økologisk og kjemisk tilstand)
- Miljøstatus
- Naturbase
- SSB – fangststatistikk mv. for laks/sjøaure
- Barentswatch/fiskehelse

Lakseregisteret:

- *Sjølaksefiskeplassar: Risgård (mot Radfjorden), Sætrevik/Sætrevika (mot Hjeltefjorden nordre), Solbergvika (mot Knarvik)*

- *Nasjonale laksefjordar: Nærmaste er «Fjordane rundt Osterøy»*

- *Akvakulturanlegg:*

Matfiskanlegg: Ramsvik, Grasholmen, Stolane og Bognøy (Radfjorden), Toska S (Mangersfjorden), Kjeppvikholmen og Laksevika (Herdlefjorden nordre)

Settefisk (landbasert): Rylandsvåg (Roslandspollen)

Sletta lokalitetar: To sletta lokalitetar for torsk i Mangerfjorden, ein sletta lokalitet for matfisk i Herdlefjorden nordre, ein sletta lokalitet for torsk i Herdlefjorden nordre, ein sletta lokalitet for matfisk i Herdlefjorden søndre

-Ny info per august 2019: Toska S er ikkje lenger brakklagt. Bognøy, Stolane, Grasholmen og Ramsvik er brakklagt. Laksevika har påvist PD per juni 2019. Kjeppvikholmen ligg etter i luserapporteringa.

Vasslegemer (Vann-nett):

- *Radfjorden – moderat økologisk tilstand – ukjent kjemisk tilstand – største kjelde til ureining er fiskeoppdrett (4 anlegg på Lindåssida), aukande kobbarureining*
- *Mangerfjorden – moderat økologisk tilstand – dårleg kjemisk tilstand – påvirkningsgrad frå oppdrett er liten*
- *Hjeltefjorden nordre – God økologisk tilstand – dårleg kjemisk tilstand – påverknad frå oppdrett (liten grad) og punktutslepp frå industri (liten grad)*
- *Herdlefjorden nordre – God økologisk tilstand – Ukjent kjemisk tilstand – påverknad fiskeoppdrett (liten grad) (2 anlegg, terskelfjord)*
- *Herdlefjorden søndre – Moderat økologisk tilstand – Ukjent kjemisk tilstand – Diffus avrenning frå annan kjelde (stor grad)*
- *Byfjorden – Moderat økologisk tilstand – Dårleg kjemisk tilstand – påverknad frå mange kjelder m.a. annan kjelde (stor grad), punktutslepp frå båtslepp (middels grad), diffus avrenning frå byar/tettstadar (stor grad), punktutslepp frå industri (middels grad), punktutslepp frå reinseanlegg storleik 15000 PE (stor grad)*
- *Knarvik – God økologisk tilstand – Ukjent kjemisk tilstand – ingen registrerte*

påverknadar

- *Rosslandspollen – Dårleg økologisk tilstand – Ukjent kjemisk tilstand – Diffus avrenning frå spreidd busetnad og punktutsløpp frå andre kjelder (settefiskanlegg, avløp frå fritidsbustadar og bustadar, båthamn) (begge ukjent grad)*

Miljøstatus:

Korallområde i Radfjorden, Marine naturtypar, Israndavsetning mellom Herdla og Sætre, Tareskog fleire stadar: Gåsevika-Storelangøyyna (VIKTIG) (Radfjorden), Prestholmen-Agnøya (VIKTIG) (Hjeltefjorden nordre, utanfor kommunen), Ringholmen (VIKTIG) (Hjeltefjorden nordre), Jakobsøyyna (VIKTIG) (Hjeltefjorden nordre, utanfor kommunen), Ypso (VIKTIG) (Herdlefjorden nordre). Alle desse lokalitetane har stortare, og er vurdert å vera VIKTIG grunna storleik på førekomstane (mellom 100 000 og 500 000 kvm)

Luseovervaking (2018):

- Overvaking med Ruse og garn i Herdla fjord og Herøyosen. Herdla fjorden er nærmast Meland
- Ved Herdla fjord var det funne lus på all undersøkt sjøaure i veke 21-22 2018
- Høgt smittepress, kan ha hatt betydeleg negativ effekt på utvandrande laksesmolt og lokal sjøaure

Risikovurdering HI:

- Høgst smittepress med omsyn til lakselus
- Låg til moderat smitte med omsyn til patogenar. Overvakingssone for ILA.

Samla belastning

Rådmann er ueinig i formuleringa verknaden av **meir** akvakultur i fjordsystemet er ikkje godt nok vurdert i planen. Meland kommune har i tidleg fase og i akvakulturanalysa vurdert areal for akvakultur. Her var det og nye område som ikkje låg i planen som var aktuelle. Vi har tatt ut dei områda som var nye og ville endre arealbruken.

I samband med akvakulturanalyse Multiconsult har utført for Meland kommune er det vorte tilrådd fire areal for høvesvis akvakultur og/eller kombinert føremål i sjø. Tiltådingane er gjort med utgangspunkt i KU på eit overordna nivå. Meland har gjort ei vurdering av samla belastning på fjordsystema som følgje av tiltådingane. Vi la til grunn ei vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8-12 Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) Jf. nml § 10 skal ein påverknad på eit økosystem vurderast ut frå den samla belastninga økosystemet har eller får som følgje av påverknaden/tiltaket. For å vurdere tiltaket sin konsekvens på naturmiljøet skal samvirke mellom ulike påverknadar og tiltaket sin kumulative karakter sett i forhold til andre gjennomførte og planlagde tiltak verte vurdert.

Når det kjem til dei tilrådde innspela så vert det opna for å utvide eit eksisterande AK-område (areal nr. 3), dela eit større kombinert formål/fleirbruksareal opp i to mindre (areal nr. 7), eit nytt AK-område (areal nr. 2), og to nye område for AK tiltenkt tareoppdrett (areal nr. 6).

Areal nr. 3 er som nemnt eit eksisterande AK-område som vert utvida for å få plass til ein gunstig utforming av eit anlegg utan at det førar til store negative konsekvensar for lokalmiljøet og andre viktige registreringar. Areal nr. 7 Skjelanger delar eit større fleirbruksområde i to for å unngå at det

kan verte etablert akvakultur i den sentrale delen av området. Ein sikrar potensielt å kunne etablere to anlegg (eitt i kvart sitt område). Grunna storleiken på areala samt moglegheit for fleksibilitet i plassering av ev. anlegg vert område ikkje lagt inn som reine AK-område. Der det ikkje vert AK skal resten av areala nyttast til ferdsle og rekreasjon. Areal nr. 2 vert eit nytt AK-område som i dag er eit fleirbruksområde med ein akvakulturlokalitet (som vert vidareført). Sett bort frå endra arealføremål vert det venta lite endring i bidrag/påverknad frå dette området. Areal nr. 6 er i dag eit større fleirbruksområde/kombinertføremål. Arealet er langt, men smalt, så det vert ugunstig med konvensjonell akvakultur i desse areala. Det vert difor opna for etablering av tareoppdrett. Tareoppdratt vil òg vera positivt for den økologiske tilstanden i fjordsystemet.

Isolert sett vil etablering av oppdrettsanlegg med påfølgjande utslepp av organiske partiklar og næringssalt påverke sjøbotnen og vanleg førekommande artar under anlegget negativt. Bademidlar og fôrbasert lusebehandling vil kunne ha negativ påverknad på nærområdet. Krava knytt til oppdrettlokalitetar er i dag strengare, og teknologien innanfor akvakultur har utvikla seg mykje dei siste åra. Dette er faktorar som ein må ta med seg i vurdering av nye lokalitetar og påverknadane frå desse.

Overvaking av lokalitetstilstandane (MOM-B) for konvensjonelle akvakulturanlegg i 2018 avdekkar at over 90 % av lokalitetane har tilstanden «God» eller betre. 7 % av lokalitetane hadde «Dårleg» tilstand, medan berre 1,5 % av lokalitetane hadde tilstand «Meget dårleg» (Fiskeridirektoratet).

Samla belastning på fjordsystema vil kunne auke, men det er òg sannsyn for at ein ikkje vil merke noko nemneverdig forskjell grunna utviklinga i bransjen, samt miljøfokus. Tilhøva kan til og med forbetra seg. Etablering av tareproduksjon vert sett på som eit særst positivt tiltak for Meland kommune, og vil kunne ha positive ringverandar på økologisk tilstand i dei aktuelle områda.

Fylkesmannen ber kommunen vurdere tolegrena for oppdrettslaks i fjordsystemet. Samla belastning for heile fjordsystemet er svært krevande å gjere på eit overordna nivå. Etter det vi kjenner til heller ikkje vanleg praksis i andre fylker ved etablering av akvakulturanlegg på kommuneplannivå. Det er i fasa med tildeling av konsesjon for drift av anlegg desse vurderingane kjem. Då vil sektormyndene som fylkeskommunen, Mattilsynet og Fylkesmannen i samarbeid gjere desse vurderingane.

Interkommunal plan for sjøområda

Fylkesmannen viser til at kommunen burde venta med å gå i gang med dette arbeidet til interkommunal plan for sjøområda var utarbeida. Rådmenn og ordførarane i Alver kommunane har vore i dialog med fylkesmannen om denne planen. Det er eit omfattande planarbeid å setje i gang, og det var ikkje rett tid å starte på dette når vi skulle bygge nye Alver kommune. Dette har vore avklart tidleg i prosessen med Fylkesmannen i Vestland.

Innspel frå lag, velforening og organisasjonar

Dalemarka vel 04.07.19

Velforeninga er oppteken av barn og unges oppvekstvilkår, viser til jf pbl § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025. «Gjennom årtier har Trollhøla bidratt til bading og fiske for unge.»

Folkehelse, « i årtier har Trollhøla hatt sin funksjon, ber kommunen ikkje bidra til å forringe fysisk og psykisk helse og livskvaliteten til deres egne innbyggere.»

Meland Kommune er ein del av Unescos Biosfæreområde –« gjennom biosfæreprosjektet vil en bevare en arena for utvikling basert på kunnskap- fremme økonomisk utvikling, ta vare på ressurser, biologisk mangfold og ikke minst regionen sine kulturelle verdier- vi har alle et forvaltningsansvar for kommende generasjoner. Trollhola er for oss beboere et slikt område».

Dei viser til kulturmiljøverdier og engasjementet for bygda, for næring, natur og kultur, og samfunnsutvikling. Trollhola har unik natur og kultur som dei ynskjer å verne og ta vare på for framtida.

Dalemarka vel peiker på at Fylkesmannen har varsla at fjorden er overbelasta,» *kommunen bør ikkje bidra til at flere arter forsvinner fordi en ikke tenkte langsiktig.»*

Støy, «vi som bor nederst hører samtalene fra bading og fiske på en finværsdag i Trollhola- det er skammelig at Meland Kommune hevder i KU at det er ingen spesielle moment relatert til STØY.»

Norges miljøvernforbund, 04.07.2019.

Dei viser til at oppdrettsanlegg i Trollhola vil gje støyp lager for bebuarane i Dalemarka som dei meiner kan føre til helseplager. Det vil føre til auka smitterisiko for laksen til Vosso- og Lonevassdraget. Det kan vere i konflikt med raudlista rovfugl som hekker i området. Dei skriv at området har store friluftsverdiar og at Trollhola vert aktivt nytta til rekreasjon, fiske og bading. Arealet er midt i kystleia og dei meiner plassering kan auke risiko for skipsulykker og påfølgjande forureining. Dei hevder og at det har vore manglande demokratisk prosess, utan folkemøte og innhenting av synspunkt frå natur og miljøorganisasjonane.

Naturvernforbundet Nordhordland, 04.07.2019

Skriv at i temarevisjonen vert to område i Herdlefjorden vurdert som «gode» for havbruk; utanfor Dalemarka og nordvestover frå Fløksand. Naturvernforbundet Nordhordland er usamd i denne konklusjonen og vil be Meland kommunen trekkja områda ut av temarevisjonen. Merknaden er knytt til utfordringane til lakselus og forureining i eit relativt lukka fjordsystem. Det er og negativt for friluftsliv då Herdlefjorden er mykje brukt til båtutfart og fiske.

Rådmannen si vurdering

Avstand til land og busetnad er omtalt og vurdert i KU. Utforming av arealet er gjort med blant anna bakgrunn i å auke avstand til land og bustader. Laksen som vandrar i fjordsystemet har vore vurdert i samband med KU. Naturmangfald i området på land og i sjø har vorte vurdert i KU.

Til merknaden om demokratisk prosess har vi følgd plb. § 11-14. Planen har vært kunngjort i avisa, kommunen sine heimesider og facebook. Planen har blitt lagt ut til offentlig ettersyn og det har vore folkemøte.

Innspel frå privatpersoner

Merknadane frå privatpersoner er oppsummert i vedlegg til saka. Saksutgreiinga gjev eit kort samandrag over det som privatpersoner har merknader til.

Dei fleste merknader til planframlegget frå privatpersoner er knytt til akvakulturanlegg nr. A3 Trollhola. Det er i hovudsak innbyggjarane som bur i Dalemarka som har skrive framlegg, og teke

kontakt med kommunen vedkommande planframlegget. Dei ynskjer ikkje akvakulturanlegg i sjøen ved området der dei bur. Dette grunnjev dei i fleire punkt både i høve til prosess, plankvalitet og negative konsekvensar for friluftsliv og folkehelse. Under er det samandrag av merknadene.

- **Prosess og grad av medverknad.** Mange av merknadene handlar om at innbyggjarane er kritiske til prosessen og grad av medverknad. Dei viser til manglande demokratisk prosess, utan folkemøte og innhenting av synspunkt frå natur og miljøorganisasjonane.
- **Kvalitet på KU, merknader til kvaliteten på konsekvensutgreiinga og plangrunnlag knytt til akvakultur.**
- **Folkehelse, merknader knytt til folkehelseutfordringar.** Dei peiker på at eit akvakulturanlegg vil skape støy, lukt og lysproblem for innbyggjarane i Dalemarka.
- **Friluftsliv, Trollhola vert aktivt nytta til rekreasjon, fiske og bading.**
- **Storleik på anlegg.** Det er og usikkerhet knytt til kor stort dette anlegget blir, kor mange merd er det planlagt for.
- **Naturmangfald.** Det ikkje teke godt nok omsyn til naturmangfaldslova og vurderingar knytt til heile vassdraget som auka smitterisiko for laksen til Vosso og Lonevassdraget.
- **Raudlistearter, fleire innbyggjarar har peika på at arealet i Trollhola kan vere i konflikt med raudlista rovfugl som hekker i området.**

Det er vidare kome tre merknader frå privatpersoner til andre tema i planen, dei er knytt til ynskje om endra arealbruk med omsyn til bustader eller reiseliv.

Rådmannen si vurdering

I høve til medverknad har vi følgd plan og bygningslova § 11-14. Høyring av planforslag. Planen har vært kunngjort i avisa, kommunen sine heimesider og facebook. Planen har blitt lagt ut til offentlig ettersyn i 6. veker, og det vart i tillegg gjeve forlenga frist til 04.07.19. Det har vore halde folkemøte og open kontordag.

Det er påpeika mangelfull konsekvensutgreiing (KU) for det samla belastninga i fjordsystemet og at det er og teke for lite omsyn til folkehelse i KU. Konsekvensutgreiing i kommuneplanarbeidet er gjort på eit overordna nivå og ved bruk av kjent kunnskap, slik det er vanleg i kommuneplanarbeidet.

Tilbakemelding frå fylkesmann var at konsekvensutgreiinga var god på mange område, men Fylkesmannen peika på at KU var mangelfull med omsyn til samla belastning og verknader for heile fjordsystemet. Kommunen har gjort tilleggsutgreiingar knytt til KU mot folkehelse og kva eit akvakulturanlegg vil bety for resipienten i fjordsystemet, etter dei krav som fylkesmannen etterspurte.

Desse vurderingane er teke inn i konsekvensutgreiingane knytt til akvakultur og ligg som vedlegg til planen.

Konklusjon og oppsummering

Regjeringa har gitt Fylkesmannen ansvar for å samordne og eventuelt avskjere statlege motsegner til kommunale planar. Samordninga skal gje betre planar gjennom god dialog mellom statlege etatar, medverke til færre motsegn og medverke til at dei blir løyste tidleg i prosessane. I dialog og møter med statlege og regionale mynde har rådmann endra planen i tråd med varsel om motsegn på dei fleste område. Som saksutgreiinga viser er endinger i plankart og føresegner gjort i tråd med tilrådingar frå stat og regionalt nivå, nokon merknader er teke til orientering.

Desse endringane er drøfta med Fylkesmannen i møte den 27.09.19, i møte var ordførar, varaordførar, rådmann og samfunnplanleggjar tilstades. I det møte vart det tydeleg at Fylkesmannen ville varsle motsegn mot alle område som låg som havbruk i planen. Meland kommune nådde ikkje fram med sitt syn i saka. Ordførar understreka at havbruk er eit nasjonalt satsingsområde og at Hordaland fylkeskommune var svært positive til at det var lagt ut areal for havbruk i denne temarulleringa. «Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur er godt ivaretatt i planframlegget frå Meland kommune» Vi argumenterte med at dette er ei avgrensa rullering på tema havbruk. Det er ikkje lagt ut nye område utover det som ligg i gjeldane plan, men det er gjort ei utviding av eksisterande område. Det at det er gjort ei utviding av eksisterande område vil og bety at akvakulturnæringa kan drive meir miljøvenleg, og etter dagens krav utan å søkje om dispensasjon for arealformålet.

I brev frå Fylkesmannen i Vestland datert 02.10.19 står det,

«Fylkesmannen i Vestland fremjar motsegn mot akvakulturområda i kommuneplanen som ikkje har ei god nok konsekvensutgreiing og vurdering av samla belastning av fjordsystemet»

Vidare prosess knytt opp mot havbruk

Når Fylkesmannen har varsla motsegn og dersom kommunestyret ikkje ynskjer å endre planen i tråd med det som Fylkesmannen krev, vert den rettslege tydinga av motsegn at kommunen sitt planvedtak ikkje blir rettsleg bindande. Då vil myndigheit til å treffa endelig planvedtak verte overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kommunen kan ikkje sjå vekk frå motsegn til planen. *«I plan- og bygningsloven § 11-16 andre ledd og § 12-13 andre ledd framgår det at departementet avgjør om innsigelsen skal tas til følge, og kan i den forbindelse gjøre de endringer i kommuneplanens arealdel og reguleringsplanen som finnes påkrevd. Av siste ledd i paragrafene framgår det at departementets vedtak ikke kan påklages.»*

I rundskriv, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-innsigelse-i-plansaker-etter-plan-og-bygningsloven> står det følgjande om motsegn til kommunale planar:

Ordninga med motsegn skal sikre at nasjonale og vesentlige regionale interesser, og andre vesentlige interesse, blir tatt i vare i kommunale planar.

Vidare i rundskrivet er det peika på prosess i høve til motsegn:

Departementet vil framheve nokre punkt som dei ser som viktige for å få til ein god plan- og motsegnspraksis:

- *«Nasjonale, vesentlige regionale og andre interesser av vesentlig betydning som kan gi grunnlag for innsigelse skal komme fram så tidlig som mulig i planprosessen*
- *Det skal legges vekt på tidlig medvirkning og god dialog i oppstarts- og planleggingsfasen, med vekt på å avklare konflikter og planfaglige eller juridiske feil før høring og offentlig ettersyn av planen*
- *Eventuell innsigelse til planforslaget skal fremmes innen høringsfristen, bare når det er nødvendig og skal alltid begrunnes*
- *Fylkesmannen og fylkeskommunen skal bidra til at motstridende innsigelser samordnes der*

det er mulig»

Rådmann meiner at i høve til prosess, så kjem motsegn til alle område knytt til havbruk i planen svært seint i planprosessen. Dette er i strid med det som departementet ser som viktig for å få til ein god planprosess der det er sagt «grunnlag for innsigelse skal komme fram så tidlig som mulig i planprosessen».

Dersom motsegn er knytt til klart avgrensa delar av planen, kan kommunen vedta dei delar av planen som det ikkje er knytt motsegn til. I brevet frå Fylkesmannen i Vestland er det varsla motsegn mot akvakultur. Dette er ein avgrensa varsel om motsegn. Då seier forskrifta at «*for kommuneplanens arealdel kan kommunestyret ved innsigelse til klart avgrensede deler av planen vedta planen for øvrig med rettslig bindende virkning, jfr. plan- og bygningsloven § 11-16 første ledd. Det kan gjelde avgrensede deler av plankartet eller bestemmelser til planen.*»

Rådmann tilrår at Meland kommunestyre vedtek planen, med dei endringar det er gjort greie for i saksutgreiinga og som er oppsummert under.

Tema havbruk var ein sentral del av rulleringa av kommuneplanen. Tema er varsla i planprogrammet og orientert om i Regionalt planforum 30.01.19. Arbeidet med havbruk har vore ein grundig, men og ressurs- og kostnadskrevjande prosess.

Meland kommune har og i all sin kommunikasjon vore tydelege på at kommunen hadde eit særleg behov for å rullere på tema havbruk. I referat frå Regionalt planforum 30.01.19 står det «*Gjeldane arealdel var vedteke i 2015, det er difor ikkje behov for ei full rullering. Det er nokre problemstillingar som ikkje vart fullt ut løyst i gjeldane plan, som kommunen no tek opp. Militær forbodssone tvinga fram nokre problemstillingar, mellom anna at anlegg for akvakultur ikkje kan vidareutvikle og at djupvasskai i forsvaret si forbodssone ikkje kan nyttast*». Rådmann har i planarbeidet vurdert alternativ lokalisering for areal til akvakultur langs kystsona. Akvakulturnæringa bidreg til verdiskaping i kommunen. Dette, saman med nasjonale forventningar om og leggja til rette for akvakultur, gjer at rådmann har retta spesielt fokus mot utvikling av akvakultur i samband med rullering av deltema i kommuneplanen. Vi har gjort ein gjennomgang på eksisterande areal til formålet som ligg i gjeldande plan. Hovudmålet for kommunen er å legge til rette for ei miljøvenleg og god drift av akvakulturanlegg i sjøområda våre.

Opp summert område som rådmann rår til vert teke ut av planen

Næring

(N_11) Landsvik næringsområde– område er teke ut av planen. LNF -område med krav om infrastruktur.

Spreidd næring

(SN _ 11) Spreidd næring Mjå tveit - området er teke ut av planen.

Akvakultur

(A_3) Akvakultur Trollhola er teke ut av planen.

Følgjande tema som planprogrammet varsla skulle vere ein del av rulleringa, er ivareteke i andre

planar og planprosesser:

Sambandet Vest AS sin val av vegløysningar over Meland

Areal for parkering til attraktive turområde og rasteplassar

Areal for ny barneskule Dalstø – Frekhaug

Framlegg til vedtak:

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling § 11-16 vedtek Meland kommunestyre kommuneplanen sin arealdel, med unntak av tema havbruk som det er knytt motsegn til frå Fylkesmannen i Vestland.

I handsaming av kommuneplanen sin arealdel kan kommunestyret ved motsegn til klart avgrensa deler av planen, vedta planen for øvrig med rettsleg bindande verknad, jf. plan- og bygningsloven § 11-16 første ledd.

Endelig planvedtak for tema havbruk i kommuneplanen sin arealdel vert overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjersle.

Administrasjonens forslag 07.10.2019

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling § 11-16 vedtek Meland kommunestyre kommuneplanen sin arealdel, med unntak av tema havbruk som det er knytt motsegn til frå Fylkesmannen i Vestland og havbruk på land og djupvasskai i område N11 på Landsvik som det er varsla motsegn til.

I handsaming av kommuneplanen sin arealdel kan kommunestyret ved motsegn til klart avgrensa deler av planen, vedta planen for øvrig med rettsleg bindande verknad, jf. plan- og bygningsloven § 11-16 første ledd.

Endelig planvedtak for tema havbruk i kommuneplanen sin arealdel vert overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjersle.

Endelig vedtak for havbruk på land og djupvasskai i området N11 på Landsvik vert overført KMD.

Kommunestyret - 55/2019

KS - behandling:

Sigmund Larsen, FrP hadde varsla at han ville ha sin habilitet vurdert, då han arbeider aktivt med å etablere eit Havsenter på Landsvik. Han representerer og grunneigarane og har økonomiske interesser i prosjektet.

Tormod Skurtveit, AP hadde varsla at han ville ha sin habilitet vurdert, då mor hans er eigar av delar av næringsareal på Landsvik.

Sigmund Larsen og Tormod Skurtveit gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmåla.

Dag Erik Hagesæter, FrP var kalla inn, men var ikkje til stades ved handsaming av habilitetsspørsmåla.

Det lukkast ikkje å få inn vara for Tormod Skurtveit, AP.

Avrøysting:

Med tilvisning til forvaltningsloven § 6.2 vart Sigmund Larsen samrøystes erklært inhabil.

Med tilvisning til forvaltningsloven § 6.1 vart Tormod Skurtveit samrøystes erklært inhabil.

Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal orienterte.

Dag Erik Hagesæter, FrP og Ørjan Kristiansen, Uavh kom kl. 17.15 under orienteringa.

Kommunestyret vedtok at Dag Erik Hagesæter og Ørjan Kristiansen kunne ta del i handsaming av saka.

Framlegg til nytt punkt 3 i rådmannen sitt framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG:

Tema havbruk blir utsett til det føreligg konsekvensutgreiing og vurdering av samla belastning av verknaden på heile fjordsystemet.

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling § 11-16 vedtek Meland kommunestyre kommuneplanen sin arealdel, med unntak av tema havbruk som det er knytt motsegn til frå Fylkesmannen i Vestland og havbruk på land og djupvasskai i område N11 på Landsvik som det er varsla motsegn til.

I handsaming av kommuneplanen sin arealdel kan kommunestyret ved motsegn til klart avgrensa deler av planen, vedta planen for øvrig med rettsleg bindande verknad, jf. plan- og bygningsloven § 11-16 første ledd.

Endelig planvedtak for tema havbruk i kommuneplanen sin arealdel vert overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjersle.

Endeleg vedtak for havbruk på land og djupvasskai i området N11 på Landsvik vert overført KMD.

Viser til plankart som er sendt på høyring.

Areal tilhavbruksnæring på land og djupvasskai i området N 11 på Landsvik blir ein del av planen.

Avrøysting:

Framlegg til nytt punkt 3 i rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 3 røyster for, (2 MDG, 1 Uavh), 23 røyster mot, (6 AP, 5 H, 3 FrP, 3 SP, 3 KrF, 2 Uavh, 1 BF), og fall.

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H fekk 16 røyster for, (5 H, 3 FrP, 3 KrF, 3 Uavh, 1 Ap, 1 BF), 10 røyster mot, og er såleis vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 10 røyster for, (5 AP, 3 SP, 2 MDG), 16 røyster mot, og fall.

KS - vedtak:

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling § 11-16 vedtek Meland kommunestyre kommuneplanen sin arealdel, med unntak av tema havbruk som det er knytt motsegn til frå Fylkesmannen i Vestland og havbruk på land og djupvasskai i område N11 på Landsvik som det er varsla motsegn til.

I handsaming av kommuneplanen sin arealdel kan kommunestyret ved motsegn til klart avgrensa deler av planen, vedta planen for øvrig med rettsleg bindande verknad, jf. plan- og bygningsloven

§ 11-16 første ledd.

Endelig planvedtak for tema havbruk i kommuneplanen sin arealdel vert overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjersle.

Endeleg vedtak for havbruk på land og djupvasskai i området N11 på Landsvik vert overført KMD.

Viser til plankart som er sendt på høyring.

Areal tilhavbruksnæring på land og djupvasskai i området N 11 på Landsvik blir ein del av planen.